



*Utdraget og denne lærarrettleiinga handlar om sorg og det å miste nokon. Det kan derfor vere lurt å se an klassa og i forkant hente inn informasjon om enkelte elever si erfaring med desse tema.*

## FØR

*La elevane sitte saman i par og snakke om tittelen, «Splintra».*

- Kva betyr ordet? Tenk at de skal forklare ordet for ein som held på å lære seg norsk.
- Kva er eit synonym? Kva slags synonym kunne ein brukt i staden?
- Kva er eit antonym? Kva slags antonym har ordet?
- Kva trur de ein ungdomsroman med denne tittelen handlar om?

*Spleis to og to par og gje gruppene i oppgåve å studere forsida.*

- Kva ser de på forsida og korleis kan dette bidra til å gje eit inntrykk av kva og kven fortellinga handlar om?
- Kva er dei lilla strekane, kva slags assosiasjonar får de av dem?

- Vi kan sjå ansiktet til ein av personane, men det er delvis skjult. Synest de vi likevel får eit inntrykk av ansiktsuttrykket? Er de einige i kva ansiktsuttrykk ho har?
- Gjett ansiktsuttrykk: byt på å halde hendene over nase og munn, slik at berre auga syns. Dei andre på gruppa skal prøve å gjette om du smilar, har sur munn eller inga av delane. Er det enkelt å gjette? Er det nokon det syns betre på enn andre?
- Passar tittelen med forsida? Hugs å grunngje meininga
- Likar du forsida på denne boka? Får den deg til å ville lese utdraget?
- Den på gruppa med bursdag nærmast 17. mai kan lese ingressen for resten av gruppa.
- Individuelt: Hilde Myklebust har skrive denne romanen. Hovudpersonen i boka må flytte for å gå på vidaregåande skule og ho driv med song og går på musikklinja. Finn ut meir om forfattaren og kva slags samanheng det er mellom ho og hovudpersonen i «Splintra». Skriv ned minst 5 faktasetningar.

## UNDER

Les utdraget høgt i klassa. Elevane bruker aktivt blyant, og skal streke under noko dei legg merke til, likar, undrar seg over eller ikkje forstår.

## ETTER

*Sett elevane saman i grupper på tre eller fire, og la dem snakke saman om det dei har notert seg i teksten, og lese teksten ein gong til. Målet med gruppessamtalen er å kome lenger inn i teksten, forstå meir eller ha fleire spørsmål.*

*Elevane skal kort leggje fram det dei har notert seg i plenum. Alle elevar må seie éin ting kvar om teksten. Dette kan og vere spørsmål. Snakk saman i samla klasse, men utan at læraren kjem med «fasit». Det er viktig at tankane og innspela til elevane skal opplevast som relevante.*

### Vidare klasse- eller gruppessamtale:

- Kva er sorg?
- Finst det forskjellelege typar sorg?
- Kan man sørge over ein person før døden inntreff?
- Finst det forskjellelege måtar å sørge på?

- Er det greitt å smile, le og ha det fint, sjølv om ein man er glad i har det vondt?
- Korleis kan du vere ein god klassekamerat om ein i klassa mistar nokon?
- Mia synest det er vanskeleg å snakke om døden. Er de einige? Er det uheldig? Korleis då?
- Korleis forstår de slutten på utdraget?
- Kva tenkjer de om stemninga i utdraget?

### **Kreative skriveoppgåver:**

La elevane velje ei av oppgåvene under. I etterkant av skrivinga kan dei bruke kompisvurdering til å få tilbakemeldingar på fyrsteutkastet av teksten sin, slik at dei kan forbetre den.

- Bruk utdraget som inspirasjon til å skrive ei novelle på nynorsk med sorg som hovudtema.
- Korleis går det vidare med Mia? Skriv ein tekst på nynorsk om Mia etter festen og hendinga utanfor sjukehuset om natta.
- Korleis opplever Are å vere lenka til senga på sjukehuset? Skriv ein tekst på nynorsk sett frå Are sitt perspektiv.
- Skriv eit dikt på nynorsk med sorg som hovudtema

### **Sakleg skriveoppgåve:**

- Finn informasjon i forskjellege kjelder og skriv ein faktatekst om kreft. Du vel sjølv kor spissa du ønskjer at teksten skal vere. Om læraren din tilet bruk av Chat GTP kan du bruke det til å lage innleiinga til teksten din. Husk at du må lese igjennom og rette feil og uklarheiter.

### **Omsetting:**

Til denne oppgåven treng elevane tilgang til tekstane til dei seks songene under. La elevane jobbe i par eller individuelt. Har de tid kan de å starte med å lytte gjennom alle songane saman i klassa og snakke om inntrykk og bodskap.

- Vel ei av songane under.

*Blowing in the wind* (B. Dylan)

*Brigde over troubled water* (P. Simon)

*Everybody hurts* (R.E.M)

*Tears in heaven* (E. Clapton)

*Yesterday* (J. Lennon & P. MacCartney)

*Wish you were here* (D. Gilmoure og R. Waters)

- Lytt til songen samtidig som de les songteksten. Ta notatar/strek under sentrale setningar og ord.
- Korleis forstår de budskapet i songen?
- Det disse songane har til feller er at dei ofte blir spele i gravferder. Kvifor det, trur de?
- Vel eit til to vers og omsett dei til norsk. Deretter må de jobbe kreativt med å gjendikte, altså gi verset eit godt språk, med alt det inneber av rim og virkemidlar.

#### **Langsvarsoppgåve om temaet kreft:**

Forslag til gjennomføring: 4 undervisningstimer. Her kan produktet til døme vere podcast, framføring, veggavis, informasjonsfilm, artikkel.

**1. time:** Kva lurar elevane på når det gjeld unge og kreft? Ha ein klassesamtale eller gruppесamtale, der elevane får lufte kva dei lurar på når det gjeld kreft blant unge. Skriv alle spørsmål ned og del lista med eleva. Ut ifrå denne lista kan elevane velje seg eit spørsmål eller undertema dei ønskjer å jobbe vidare med.

Om de har tid kan elevane jobbe med å lage ei god problemstilling:

- Ei god problemstilling er kort og blir vanlegvis formulert i ei setning og som eitt enkelt spørsmål.
- Den bør også vere avgrensa, tydeleg og mogleg å svare på.
- Bruk spørreord

**2. time:** Informasjonsinnhenting. Hugs å vere kjeldekritisk og vise til kjeldene dine. Forslag til kjelder finn du i oppgåva på nett

**3. time:** Jobbe vidare med informasjonsinnhenting og ferdigstilling av produkt.

**4. time:** Ferdigstilling og eventuelt framføring/innlevering.

- «Splintra» var ein av fem nominerte ungdomsromanar til Uprisen – årets beste ungdomsbok 2023. Les heile boka og sjekk om du er einig eller ikkje.